

Radar

2013 nr. 2

Kyrkjeblad for Radøy sokn

29.årgang





DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840 / radoysokn.no

Kontor- og telefontid
Måndag til fredag
kl 10 til 14

Dagleg leiar Audun Sylta
901 95 179

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840

Sokneprest Kjell Sekkingstad
951 41 360

Trusopplæringsmedarbeidar
Willem Vogelaar
479 73 670

Leiar for konfirmanntida
Marit Nesse 908 91 452

Organist J. William Kay
915 91 482

Organist Mette H. Hjelmeland
480 38 504

Dirigent Radøy damekor
Jüратè Norkuviené
967 59 916

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar Hordabø/Manger
Sølvi Helen K. Mjøs
456 05 639

Kyrkjetenar Sæbø
Marta G. Hvidsten 909 18 214

Nytt frå dagleg leiar

Bandlegging av gravplassar

I gravferdslova er det fastsett at gravplassane i kommunen skal vera av ein viss storleik i forhold til antal innbyggjarar. Dette er ikkje eit problem i Radøy no, men forvaltning av gravplassar krev svært langsiktig planlegging dersom vi ikkje skal koma i vanskar i framtida.

Soknerådet har derfor i 2013 bandlagt felt på Manger, Sletta og Hordabø. Frå før var eit felt på Sæbø bandlagt. Det vil på sikt verta utarbeidd reviderte planar for felta.

Rekneskap 2012

Rekneskapan vart formelt handsama av soknerådet i møte 5.juni. For 2012 hadde vi eit underskot etter finanstransaksjonar på kr. 91 593.

Manger kyrkje

Det var diverre ikkje mogeleg å få malt kyrkja i år slik det var planlagt. Vi har fått flikka litt på trapp og inngangsparti ved hjelp av eigne tilsette. Bryllupsbileta har vonleg vorte fine sjølv om vi ikkje er heilt nøgd med å måtte utsetja arbeidet til 2014. Kyrkjemaling medfører diverre store utgifter og vi er avhengige av litt ekstra kommunal velvilje for å få dette til.

Sæbø kyrkje – minnegåve

Soknet mottar år om anna gåver frå privatpersonar. Som regel er det mindre minnegåver i samband med dødsfall. Andre gonger er gåvene knytta til spesielle tiltak som orgelprosjektet i Manger kyrkje.

I 2012 fekk vi ei gåve på kr. 75 000 til Sæbø kyrkje. Vi er no i ferd med å montera nye lys langs gangvegane inn til kyrkja for midlane. Det vert også litt midlar til overs til andre ting i Sæbø. Stor takk til gjevaren som ikkje ville ha navnet sitt i Radar.

Hordabø kyrkje – lotteri

Kyrkjelydsutvalet i Hordabø ynskjer å ta ut nokre av benkane og setja inn stolar. For å betala stolane har dei no sett i gong lotteri men mange premiar. I tillegg til meir normale lotterigevinstar har dei også nokre meir spesielle. Vi kan nemna lunsj i tårnet med sokneprest og kyrkjetenar, søndagstur med ordføraren, kake med underhaldning og reservert plass i kyrkja. Det er også sett av nokre offer i kyrkja for å få stolane på plass.

Ny trusopplæringsmedarbeidar

Etter ein ekstra utlysingsrunde har vi no tilsett Willem Vogelaar. Han er opprinneleg frå Nederland men bur no på Toska med kone og fire born. Stillinga er felles for Austrheim, Fedje og Radøy. Han får ansvar for trusopplæring for dei som er under 18 år.

Medarbeidarsamling

Soknerådet og dei tilsette samlast ein gong for året. I år var vi på Hella skulestove der vi hadde ei fin inspirasjonssamling.

*Audun Sylta
Dagleg leiar*



Ny satsing på trusopplæring i Austrheim, Fedje og Radøy



I 2007 vedtok regjeringa at kvart sokn skulle laga ein plan for trosopplæring som dekkjer aldersgruppa 0-18 år. For å få gjennomført dette er det satt av midler, som gjer at eininga Austrheim, Fedje og Radøy no har kunne ansette trusopplæringsmedarbeidar i 100% stilling.

Hei, eg heiter Willem Vogelaar og eg er født opvokst i ein landsby rett utanfor Rotterdam. Eg hugsar frå eg var liten at vi kørde forbi den Norske Sjømannskyrkja og at min far alltid sa: "Sjå der born, der har vi den Norske

Sjømannskyrkja." Eg kunne aldri trudd at eg ein gong skulle få jobb i Den Norske kyrkja!

Gjennom heile min oppvekst har trua på Gud og kyrka vore ein viktig del av livet, men det var ikkje før eg vart 17 år at trua vart levande for meg: då ba eg ei enkel bøn frå hjarta til Jesus. Eg kan ikkje seie noko anna enn at livet etter det har vore eventyrlig.

Eg har utdanning som pedagogisk omsorgsarbeidar på Bachelornivå. I mange år fekk eg jobbe med rusmiddelavhengige, både på gata og i rehabiliteringstilbod; med ungdommar og eldre; men det var Afrikamisjonen som førte meg til Noreg.

For litt over 11 år sidan reiste eg frå Nederland til Norge for å delta på eit kurs med Ungdom i Oppdrag i Nordnorge. Temaet var misjon i Vest-Afrika. I Nordnorge møtte eg ei nydeleg jente frå Radøy, Berit Karin som no er blitt kona mi. Saman reiste vi til Niger og arbeidde med Fulaninomadar. Dette var ei spanande og gjevande tid, men også vanskeleg på grunn av tøffe leveforhold. Vi valde å reise tilbake til Noreg fordi eldstejenta vår fekk helseproblem. Etter dette fekk eg jobbe igjen i rusomsorgen. For 2 år sidan flytta vi til heimegarden til Berit Karin på Toska. Vi har no fire born mellom 2 og 8 år som trives veldig godt her på Radøy.

Då eg oppdaga at det var lyst ut stilling som trusopplæringskoordinator, tenkte eg "dette hørtet spanande ut". Trua på Jesus er vel det viktigaste i livet vårt og sånn sett har trusopplæringa også vore ein del av kvardagen for oss.

Kva forventningar har eg til jobben? Eg gler meg til å ha eit godt samarbeid med frivillige og foreldre, og ikkje minst med born og ungdom i kyrkja. Eg trur at dette kan verta spanande!

Willem Vogelaar
Trusopplæringsmedarbeidar

Ny nettside for trusopplæringa!

Willem har oppretta ei ny nettside med informasjon om trusopplæringsarbeidet i Austrheim, Fedje og Radøy. Her er det også tanken at ein skal kunne sende inn innspel og gode forslag.

Gå inn på www.melagareinplan.no og les meir!

The screenshot shows the website's header with navigation links for 'Trusopplæring', 'Fedje', 'Austrheim', 'Radøy', and 'Kontakt'. The main content area features a large image of a church with a cemetery in the foreground. Below the image is the text 'Me lagar ein plan...' and 'TRUSOPPLÆRING I FREDJE, AUSTRHEIM OG RADØY SOKN'. A video player is embedded on the right side, showing a man holding a baby with the caption 'Tre månader gamle Matteus deltar allerede på trusopplæring'. Below the video is a section titled 'Om denne sida.' containing text about the church's commitment to systematic and holistic faith education for children and youth. At the bottom, there is a bio for Willem Vogelaar, Trusopplæringskoordinator.

Ny leiar for konfirmantida dette året



Hei! Namnet mitt er Marit Nesse og eg kjem frå Skauge i Lindås. Det er med stor glede eg har teke til på konfirmantarbeidet i Radøy, samt det å ha ansvar for nokre barne- og ungdomsarrangement. Eg har alltid likt å arbeide med barn og ungdom, og eg kjenner meg veldig heime når eg får gjere det gjennom kristent arbeid.

Då eg var i 7-års alderen kalla Gud meg til å bli misjonær. Eg visste ikkje kvar eller korleis, men eg visste eg ville fortelje menneske om Jesus. Samstundes hadde eg ein draum om å bli skodespelar, noko eg tenkte krasja fullstendig med misjonsskallet og ynskje om å arbeide med barn og ungdom.

I slutten av tenåra skjøna eg at mitt misjonsland er Norge. Steg for steg leia og forma Gud meg til den tenesta Han kalla meg til. Då eg kom inn på drama- og teaterstudiet i 2006 fall ei stor brikke på plass, men framleis tok det år før biletet vart bra tydeleg for meg.

Det har stort sett vore i kyrkja og i misjonen eg har arbeidd, men eg har også vore innom folkehøgskulen i Verdal som drama- og teaterlærer. Når eg berre held på med forkynning og undervisning av konfirmantar, saknar eg å underhalde. Når dagane berre dreier seg om drama og teater, lengtar eg etter å forkynne. Eg treng ei balanse mellom desse to verdene, og aller helst vil eg gjere begge deler samstundes. Eg drøymer om å kunne forkynne Kristus gjennom kunsten. Med føretak mitt Edel Formidling får eg gjere litt av alt innimellom arbeidet i kyrkja.

I fjor sommar kom eg heim att til Nordhordland med bachelor og arbeidserfaring i bagasjen. Det er godt å kome attende til røtene etter 13 år vekke! I august vart eg tilsett i kyrkja i Radøy og i Masfjorden. Som lindåsing kjenner eg ikkje så godt til desse områda og eg gler meg til å verte kjend både med staden og med dykk som bur her! No er det konfirmantane eg kjem til å ha mest med å gjere, men eg vert veldig glad om andre også tek kontakt, anten det er for å slå av ein prat, koma med tankar og idear til kreative prosjekter eller for å stoppe litt opp og be. Eller noko heilt anna.

I Jeremia 29:11 står det: *For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk framtid og håp.* Når Gud lukkar ei dør,

opnar Han ei anna. Eit liv i Herrens teneste, og som Guds barn, er aldri keisamt. Når ein ikkje ser kva som er rundt neste sving frå froskeperspektivet sitt, kan ein finne kvile i at Gud som er i det høge ser og veit så mykje meir enn oss. Hans tankar er fred, og Han vil gje oss framtid og håp.

*Marit Nesse
Leiar for konfirmantarbeidet*



- Det har skjedd mye positivt i menigheten i Saku i Estland det siste halvåret. Ikke minst er det viktig og gledelig at vi nå er godkjent som selvstendig menighet i Den estisk-lutherske kirke. Det sier Magne Mølster, NMS-misjonær og nå også offisielt godkjent prest i Saku menighet, og forteller videre:

- I Estland er det vanlig at menighetene tar et apostelnavn, og i Saku falt valget på Thomas, etter han som gikk fra tvil og skepsis til å bekjenne Jesus som Herre. Det å bli selvstendig menighet er viktig. Nå begynner arbeidet med å gi menighetsplanten de beste vekstbetingelser. Vi er heldige som kan ta lærdom av erfaringene i menigheten i Mustamäe som også inngår i det NMS-støttede prosjektet Menighetsbygging i Estland.

En annen gladmelding er at 20 ungdommer som er knyttet til arbeidet i Mustamäe og Saku i slutten av juli deltok på Estlands største kristne ungdomsleir med over 150 deltakere. Dette er blant annet en frukt av gospelkorarbeidet i de to menighetene, et arbeid som dette skoleåret har vært ledet av NMS-ettåringen Lisa Daland fra Søgne. I vår var det én konfirmant i Saku. Dåp og konfirmasjon er ikke folkelig tradisjon i Estland på samme måte som i Norge, men som egen menighet er det lettere å kommunisere hvem vi er, og det er håp om at flere vil komme til neste år, fastslår Magne.

Estiske Tiina Klemet leder arbeidet i menigheten i Mustamäe, og hun forteller at man der er godt i gang med diakonalt arbeid bl.a. ved å dele ut matpakker og klær og sko til mennesker som lever under fattigdomsgrensen. Slik skapes kontakt med mange som forhåpentligvis vil bli bedre kjent med menigheten. Det er også opprettet en gruppe for alenemødre. "I Mustamäe har vi kommet til et punkt der vi mangler ledere og støttespillere for de nye som kommer til. Flere av våre medlemmer trenger å vokse i tro før de er klar til å ta lederansvar." Her passer bibelverset: "Høsten er stor, men arbeiderne få. Be derfor høstens herre sende ut arbeidere for å høste inn grøden hans." (Matt 9,37-38). Vi venter på bønnesvar, sier Tiina.

Frå soknerådet

Konfirmantjubiläum



I Hordabø og Manger kyrkje har det vore 60 års jubileum for dei som vart konfirmert i 1953. I den samanheng har det vore spørsmål etter 50 årskonfirmantane.

Grunnen til at dei ikkje var med var at det var ikkje konfirmasjon det året. Då vart konfirmasjon flytta frå haust til vår. Då vart det innført 9-årig skule i Radøy og konfirmasjon vart det året dei fylte 15 år. Det same gjeld for Sæbø og som skal ha jubileum seinare i haust.

Ludvig Grindheim
Soknerådsmedlem

Radøy sokneråd



Simon Grandahl
Leiar 2012-2013
Administrasjonsutvalet
Offerkomiteen



Marta Grønstad Hvidsten
Kyrkjelydsutvalet i Sæbø



Gudrun Rikstad
Nestleiar 2012-2013
Administrasjonsutval
Kyrkjelydsutvalet i Manger



Britt Sissel Kvamme
Kyrkjelydsutvalet i Sæbø
Redaksjonsnemnd, Radar



Elin Klausen
Vara, administrasjonsutval



Kenth Remy Nesbø



Ludvig Grindheim
Administrasjonsutval
Kyrkjelydsutvalet i Hordabø



Silje Kristin Ellingsen
Offerkomiteen
Vara, administrasjonsutval

Orgelvøla er ferdig!

Tysdag 24.september var ein stor dag for orgelvøla i Manger kyrkje. Då kom sjølvaste Ralf Jehmlich, leiar for Jehmlich Orgelbau, til Manger for å kontrollere arbeidet og overlevere det nyrestaurerte orgelet tilbake til kyrkjelyden.

Arbeidet byrja tysdag 6.august og har dermed teke 7 veker å gjennomføre. Orgelfasaden er blitt fornya, og kvar einaste pipe rensa, ombygd og omintonert. Klangmessig er det ikkje gjort heilt radikale endringar, men på einskilde område har orgelet vorte drege inn i det 21.århundret. Stemmer som tidlegare kunne vera litt kvasse og skrikande har no fått ein mjukare og rundare finish.

Det vert sjølvstøtt høve til å høyre orgelet i tida framover, både i gudstenester og konsertar. Under ser de nokre bilete frå arbeidet i kyrkja; fleire finn de på Facebook-sida vår. Ein stor takk til alle som har støtta orgelvøla!

William Kay
Organist I



Eit inspirerende opphald

Det var trist å ta farvel med Plüנגė kammerkor som vitja Radøy damekor denne hausten. Dei siste sa takk for seg kl. 04.30 fordi ein visste at når ein går heim, då er det over. Men oppfordringa var klar. “De må koma til Litauen neste år. Me kan laga mat og vil svært gjerne visa dykk våre tradisjonar.”



“Opphaldet har vore som eit eventyr, med nye innslag kvar dag,” seier Alf, dirigenten til Plüנגė kammerkor. “Me har reist i mange land, men ikkje noko kan måla seg med det me har opplevd her”. Vidare seier han at “me har lært noko av måten de har tatt imot oss på her på Manger; ei dugnadsånd, som me vil ta med oss tilbake til Litauen.”

Bussen med sangarane kom til folkehøgskulen kl. 22.30. Då hadde damekoret venta med kveldsmaten sia kl. 18.00, men “den som ventar på noko godt ventar ikkje forgjeves.” Dei var trøytt og kvalme etter ein lang tur, men godtok at no måtte det etast før ein gjorde noko anna.

Koret reiste til Bergen, saman med Jūratė, dirigenten til damekoret. Dei vitja Grieg-museuret og Fløyen. Då dei kom tilbake til folkehøgskulen stilte damekoret med heimelaga kjøttkaker, poteter, surkål, gulrøtter og erterstuing. Dei sette stor pris både på middagen og sitronfromasjen.

Konsertane dei held i Manger og Fedje kyrkje var ei oppleving som dei som var der vil hugse ei stund. Koret formidla musikken på ein slik framifrå måte, at det gjorde ingen ting om ein ikkje skjønna eit einaste ord. Dette var inspirerende og lærerikt for damekoret.

Nokon av koristane hadde tatt med seg fiskeutstyret sitt og Manger kai vart flittig brukt. Dei nytta og høve til å kaste slukar uti på Fedje og fekk fangst på nærare 15 kilo. Dette resulterte i grilla fisk til kvelds. Laurdag stilte ein to båtar til disposisjon

og det var ikkje lett å gje seg sjølv etter 98 makrell samt. noko anna fisk. Elevkjøkenet på folkehøgskulen var okkupert til fiskeforedling, og fisken vart tatt vare på og gjort klar for frakting tilbake til Litauen. Heldigvis kunne ein bruke hovudkjøkenet til å gjere i stand kaffimåltidet. Den heimelaga kaffimaten, som damekoret hadde laga i stand, gjekk unna.

Laurdag kveld vart det duka for korgfest i stova på folkehøgskulen, og er det noko damekoret kan, er det korgfest. Då dekker ein opp med dei mest varierte rettar til stor glede og begeistring for alle som er så heldige å få vere tilstades. Mange lovord vart sagt, og mange songar vart sunge. Ingen ville seie “goodbye”, men berre på gjensyn.

Takk til Plüנגė kammerkor for at dei ville vitja oss, takk til folkehøgskulen som gjorde det mogleg å ha koristane buande i bygda, takk til Jūratė, William og damekoret for ein flott innsats.

*Elin Klausen
Leiar i Radøy damekor.*



Familiennytt



Døpte

26.05.2013 Milian Namtvedt
 02.06.2013 Victoria Sofia Skage
 02.06.2013 Filip Instebo Torkelson
 02.06.2013 Emilie Dyrøy Carlsen
 02.06.2013 Adam Kolstad
 11.08.2013 Tobias Takvam
 25.08.2013 Tomine Lunde
 01.09.2013 Julie Skjelanger
 01.09.2013 Olav Fiksdal-Kolstad
 01.09.2013 William Gundersen Gjerde
 01.09.2013 Alise Søvik
 15.09.2013 Anna Eikeseth Alver
 15.09.2013 Ella Victoria Tangen
 15.09.2013 Samuel Felipe Johnsen Silva
 15.09.2013 Leah Gülen
 06.10.2013 Malin Isabelle Ekornsæter Morken
 06.10.2013 Nikolai Sætran Myking

Vigde

25.05.2013 Vibeke Angelskår og Sindre Erstad
 01.06.2013 Mailin Almenningen og Bjørn Norheim
 08.06.2013 Heidi Lavik og Trond Helge Vikøren
 15.06.2013 Kristine Myking og Tom Hella
 29.06.2013 Line Ryssmo og Karl Magne Haugland Tvette
 13.07.2013 Mette Ervik og Gisle Mjøs

20.07.2013 Ann-Kristin Steindal og Tomas Kvalheim
 10.08.2013 Ratana Kim og Nils Bård Nødtvedt
 24.08.2013 Heidi Frigstad Soltveit og Morten Kvalheim
 24.08.2013 Eva Olsvold og Helge Brakstad
 24.08.2013 Liv Marit Klausen og Gisle Nordanger
 31.08.2013 Silje Andersen og Per-Kristian Villanger



Døde



30.04.2013 Rigmor Maud Throndsen
 16.05.2013 Aslaug Kolstad
 24.05.2013 Julius Grindheim
 24.05.2013 Leonard Alfred Soltvedt
 31.05.2013 Elin Øvrebø
 31.05.2013 Johanna Storheim
 07.06.2013 Sigfrid Risnes
 21.06.2013 Rolf Pettersen
 28.06.2013 Kirsten Olaug Ulvatn
 05.07.2013 Johan Martin Mangerøy
 30.07.2013 Ragnhild Marie Håland
 27.08.2013 Anita Kvalheim Rosenlund
 04.09.2013 Ove Marås
 10.09.2013 Jakob Hella
 12.09.2013 Herborg K Vegstad
 17.09.2013 Anny Bø
 27.09.2013 Sigfred Storheim

(Alle datoar er seremonidatoar.)

Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
21.04 4.sundag i påsketida	Misjon uten grenser	2078,50
28.04 5.sundag i påsketida	Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA)	1800,00
04.05 Laurdag	Trusopplæring i Radøy sokn	4300,00
05.05 6.sundag i påsketida	Trusopplæring i Radøy sokn	2008,00
11.05 Laurdag	Trusopplæring i Radøy sokn	3322,50
12.05 Søndag før pinse	Trusopplæring i Radøy sokn	6284,00
12.05 Søndag før pinse	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy sokn	5218,00
17.05 Nasjonaldagen	Crihana Veche-aksjonen	3844,00
17.05 Nasjonaldagen	Kirkens Nødhjelp (3 offer)	10296,00
19.05 Pinedag	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Estland	1913,00
20.05 2.pinedag	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Estland	1465,00
26.05 Treeiningssundag	Nordhordland Indremisjon	1476,00
02.06 2.sundag i treeiningstida	Maritastiftelsen	4592,00
09.06 3.sundag i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy sokn	3080,00
16.06 4.sundag i treeiningstida	Evangeliesenterets Landskontor	1474,90
23.06 5.sundag i treeiningstida	Blå Kors Norge	956,00
07.07 7.sundag i treeiningstida	Vestnorsk utvandringssenter	4148,00
14.07 8.sundag i treeiningstida	Laget	1181,00
21.07 9.sundag i treeiningstida	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy sokn	2022,00
28.07 10.sundag i treeiningstida	Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter	1657,00
11.08 12.sundag i treeiningstida	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Estland	2395,00
18.08 13.sundag i treeiningstida	KRIK Radøy	2750,00
25.08 14.sundag i treeiningstida	Nye stolar i Hordabø kyrkje	2888,00
01.09 15.sundag i treeiningstida	IKO - Kirkelig Pedagogisk Senter	3704,00

	Denne perioden	Hittil i år
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	7240,00	9958,00
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):	18994,50	24550,00
Offer til særskilte prosjekt i soknet (orgel, stolar):	2888,00	7230,00
Offer til andre organisasjonar:	42026,40	73215,90



Babysong

Også i haust vil Radøy kyrkjelyd tilby Babysong som del av trusopplæringa. Kurset er for foreldre med born i alderen 2 mnd. og oppover til 1 år. Songstunda vil vare i ca. 45 minutt, og etterpå et vi lunch ilag. Ta m.ed matpakke, vi ordner varm og kald drikke.

Musikksamlingane vil vere varierte, med rim & reglar, bevegelses-songar, dans og spel, lytting og oppleving. Foreldra vil få friska opp att kjente og kjære songar!

Pris: kr. 20,- pr.gong
Stad: Kyrkjestova i Manger kyrkje
Tid: Torsdagar, kl. 11.00 – 13.00
Oppstart : 17. oktober. Det vert 9 samlingar, med avslutning midt i desember.

Påmelding til: kontor@radoysokn.no Følg ellers med på Facebook når det nærmer seg! Kurshaldarar: Sølvi Helen Kvalheim Mjøs og Mette Haga Hjelmeland.

Korleis har du det eigentleg?

Kirkens SOS
815 33 300
www.kirkens-sos.no



[facebook.com/
radoysokn](https://facebook.com/radoysokn)



[twitter.com/
radoysokn](https://twitter.com/radoysokn)

**MANGER
GRAVMONUMENT**

5936 Manger • Tlf. 452 71 563

Ring for avtale
terje.skjelvik@broadpark.no



BLOMSTERFORRETNING
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

KVALHEIM VVS
AUTORISERT RØRLEGGERFIRMA

Postboks 1 - 5931 MANGER



Tlf 5637 4073 / kval.vvs@frisurf.no
Måndag - fredag 0900-1630
Laurdag 1000-1400



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no



**Nordhordland
Begravelsesbyrå AS**

Vi ordner alt vedrørende
dødsfall i distrikt og by.

DØGNVAKT TLF 5637 1410
www.nordh-bb.no



**MTI
IT SERVICE**



BUNNPRIS

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90



Elinstallatør - Lampebutikk



SparebankenVest

REMA 1000
bare lave priser

Manger Senter
09-22 (20) 5637 2255

Bli pipefadder!



*Bli pipefadder
og støtt orgelet i
Manger kyrkje!*

Sjå radoysokn.no



Tørkeloftet AS
Blomster & interiør

Manger Senter
Tlf: 56374020
torkeloftet@gmail.com

Vi hjelper deg med blomster til alle
anledninger.

Smiths

møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
leverer snittar, koldtbord og varm mat

ENTREPRENØR
Rune Ulvatn AS

5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Vel møtt i kyrkja!

Sjå òg nett-
sidene våre
og følg oss på
Facebook!

søndag 6. oktober	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Konfirmantjubiläum.
søndag 13. oktober	1100	Emigrantkyrkja. Gudsteneste.
søndag 20. oktober	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Søndagsskulens dag.
søndag 27. oktober	1900	Hordabø kyrkje. Tomasmesse.
<hr/>		
søndag 3. november	1900	Manger kyrkje. Minnegudsteneste.
søndag 10. november	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 17. november	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 24. november	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
<hr/>		
søndag 1. desember	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 8. desember	1600	Manger kyrkje. Ungdomsgudsteneste.
søndag 15. desember	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.

Fredagstreff i Sæbø kyrkje

Fredag 18. oktober	2000	“Tru og vitenskap, treng det vera konflikt?” med Torbjørn Aamli
Fredag 22. november	2000	Forteljarforestilling om Josef, med tema: “Tillit på tross av...” med Marit Nesse

Samlingane varer frå klokka 20-22, og det vert teke opp kollekt for å dekkja utgifter.

*“...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den næraste kyrkja,
men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.”
Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.*

Ei oppdatert liste over gudstenester og andre arrangement i kyrkjene finn du også på internett.
Sjå dessutan kunngjeringar i lokalavisene.

**Neste nummer av Radar kjem ut i november/desember 2013.
Frist for innsending av artiklar/bilete er 4.november 2013.**

Redaksjon: J. William Kay, Audun Sylta, Ludvig Grindheim, Gudrun Rikstad, Britt Sissel Kvamme
Bilete: Audun Sylta, Elin Klausen, Jarnfrid Gunnarson, William Kay
Utforming: J. William Kay • E-post: radar@radoysokn.no • Trykk: Trykk Service A/S Knarvik



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

